

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 13.06.2022
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseeth og Asle Kjørlaus**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per mai 2022**

Arkivsak

2022/89

Styresak 034/2022

Styremøte 16.06.2022

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per mai 2022 til vitende.

Administrerende direktør si vurdering

Resultatet for mai er negativt med -2,5 millionar kroner som er eit avvik på nær 5,0 millionar kroner i høve budsjett. I april var resultatet negativt med -4,8 millionar kroner. Til no i år er resultatet negativt med -17,8 millionar kroner. Samla er vi 30,3 millionar kroner bak budsjett hittil i år. Hovudårsaka til avvik frå budsjett er pandemien og då lågare aktivitet og gjennom det mindre ISF-inntekter enn budsjettet, samt høgare løn- og personalkostnader som delvis også følgje av høgt sjukefråvær. Innføring av Dips Arena har og påverka både personalkostnader og aktivitet.


Det er bokført ekstraløyving på samla 18,3 millionar kroner hittil i år av totalt 21,7 millionar. Dette skal dekke ekstrakostnader knytt til pandemien. Estimert forbruk som følgje av pandemien til no i år er 22,9 millionar, som er 4,6 millionar meir enn kva som er inntektsført.

Basert på forslag til revidert nasjonalbudsjett har Helse Vest utarbeidd forslag til endra ramme for føretaka. Administrerende direktør registrer at Helse Førde vil, som følgje av pandemien, få kompensert tapt inntekt med 13,9 millionar og ytterligere 4,5 millionar for å dekke ekstra kostnader.

Administrerende direktør estimerer at avvik mot budsjett justert for pandemien, er omlag 10 millionar til no i år. Avhengig av lønnsoppgjeret kan avviket bli noko høgare, og administrerende direktør har derfor starta prosessen med å sjå på ytterlegare tiltak for styre drifta inn mot budsjettet for 2022. Klinikane har tiltak i budsjetta sine som dei alt arbeider med. I styremøte vil administrerende direktør orientere om prosess som er starta for å nå resultatkravet for året.

Når det gjeld aktiviteten var den altså lågare enn budsjettet også i mai. Målt i DRG-poeng, utan H-resept, er aktiviteten i somatikken 5,2 prosent under budsjett. Hittil i år er aktiviteten på 95,9 prosent målt mot budsjett, dette utgjør 477 DRG-poeng. Innanfor psykisk helsevern er aktiviteten lågare enn planlagt, men samstundes høgare enn same periode i fjor på poliklinikk. Det er noko færre liggedøgn enn planlagt for vaksne og i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB).

Administrerende direktør registrerer at tal avslutta forløp på Helse Førde-nivå no er færre enn tal nyttilviste. Tal pasientar som ventar på å starte behandlinga, er også 8 prosent høgare enn same periode i fjor. Dette er negativt i forhold til ventetider, men administrerende direktør erkjenner at det er store skilnader innanfor dei ulike fagområda i føretaket.



Når det gjeld fag er ventetida innan somatikk for pasientar som har starta behandling, vedvarande høg på over 70 dagar (denne månaden 70, måltal 50), men det er ein vesentleg reduksjon frå førre måned (84). Ventetid for ventande er stabil på omlag 60 dagar (denne månaden 63 dagar). Ventetidene blir haldne oppe av lange ventetider på nokre fagområde (smertetilstandar, klinisk nevrofysiologi, sjukeleg overvekt, karkirurgi). Det er naudsynt at vi framleis har fokus på nødvendig prioritering av kven som får

tilbod om helsehjelp, slik at pasientar med alvorlege og funksjonshemmande tilstandar kjem til raskt. Vurderinga er at total ventetid innan somatikk heilt klart er for høg, men at nødvendig prioritering blir gjennomført for å sikre eit forsvarleg totaltilbod.

Innan psykisk helsevern er ventetida for barn og ungdom som har starta behandling, uendra (49 dagar, måltal 35), medan gjennomsnittleg ventetid for ventande er noko synkande (32). Situasjonen krev framleis betydeleg merksemd. Det er nødvendig med vidare fokus på målretta tiltak for å sikre at vi er tilgjengelege for barn og ungdom som treng psykisk helsehjelp. For psykisk helsevern for vaksne og TSB er vi innanfor måltala.

Det er ein aukande trend med fristbrot i Helse Førde. Dette er i hovudsak skapt av mangel på sentrale behandlarressursar. Det vart registrert 399 nye fristbrot i mai. Av desse hadde 73 pasientar fått time innan ti dagar etter fristbrotet. Administrerande direktør vurderer at det no er utfordrande å halde tal fristbrot nede, og at det er viktig å prioritere tilgjengelege behandlarressursar for å sikre at pasientar med alvorlege og funksjonshemmande tilstandar kjem til raskt.

Helse Førde har oppretta samarbeid med Helse Møre og Romsdal for å avlaste vår venteliste innan generell kirurgi og ortopedi.


Helse Førde hadde i april eit samla sjukefråvær på 7,2 prosent. Dette er ein tydeleg nedgang frå dei føregåande månadene, då særleg korttidssjukefråværet var høgt. Administrerande direktør er nøgd med at tala syner tydeleg nedgang og så positiv utvikling.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytillviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 63 dagar ved utgangen av mai (62 i april). 58 i mai i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- PHV: 24 dagar ved utgangen av mai (32 i april). 22 i mai i fjor. Altså +2 frå i fjor.
- PBU: 32 dagar ved utgangen av mai (37 i april). 34 i mai i fjor. Altså -2 frå i fjor.
- TSB (rus): 9 dagar ved utgangen av mai (20 i april). 21 i mai i fjor. Altså -12 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i mai, var:

- Somatikk: 74 hittil i år (70 dagar i mai) – måltal er 50. 67 hittil i fjor. Altså +7 frå i fjor.
- PHV: 37 hittil i år (39 dagar i mai) – måltal er 40. 31 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PBU: 49 hittil i år (49 dagar i mai) – måltal er 35. 46 hittil i fjor. Altså +3 frå i fjor.
- TSB (rus): 26 hittil i år (27 dagar i mai) – måltal er 30. 27 hittil i fjor. Altså -1 frå i fjor.



Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 128 fristbrot på behandla pasientar i mai svarande til 8,5 prosent av behandla i mai (6,9 prosent i april). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,9 prosent.
- Førebels registrert 399 nye fristbot i mai, svarande til 13,3 prosent av alle med frist i mai (7,0 prosent i april).



AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 635	1 748	-113	1 524	111	8 501	8 982	-481	8 480	21
DRG-poeng poliklinikk, A	416	437	-22	408	8	2 195	2 299	-104	2 206	-11
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	121	95	26	130	-9	1 232	1 149	83	1 097	135
DRG-poeng tilhøyrande andre regionar, (B)	73	56	18	49	24	338	230	108	271	67
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 246	2 337	-91	2 112	134	12 266	12 660	-394	12 054	211
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	146	154	-8	98	48	637	789	-152	593	44
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 318	2 435	-117	2 160	158	12 564	13 219	-655	12 376	188
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 208	1 293	-85	1 162	46	6 388	6 807	-419	6 422	-34
Tal sjukehusopphald	1 440	1 522	-82	1 421	19	7 095	7 738	-643	7 485	-390
Tal polikliniske konsultasjonar	10 091	10 089	2	10 093	-2	52 062	52 369	-307	52 752	-690

Perioden


Aktiviteten i perioden er 1,3 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, men 0,5 prosent høgare enn tilsvarande periode i fjor. Samla DRG-produksjon i somatikken var 3,9 prosent lågare enn budsjett (-91 poeng) i perioden, men 6,3 prosent høgare enn i tilsvarande periode i fjor (+134 poeng).

Til no i år

Samla er aktiviteten 2,0 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 1,7 prosent under fjoråret. DRG-produksjonen hittil i år er 3,1 prosent lågare enn budsjett (-394 poeng),

men 1,8 prosent høgare enn den var akkumulert ved utgangen av mai i fjor (+211 poeng). Det er registrert kodeforbetring med 208 poeng, noko som gjev effekt for tala hittil i år.

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 486	1 645	-159	1 574	-88	7 550	8 136	-586	7 311	239
Tal utskrivne pasientar	76	86	-10	78	-2	403	438	-35	383	20
Polikliniske kons. m/refusjon	2 169	2 445	-276	1 810	359	10 589	12 517	-1 928	9 755	834
Rus										
Tal heildøgnsopphald	498	686	-188	618	-120	2 542	3 109	-567	2 753	-211
Tal utskrivne pasientar	19	23	-4	16	3	76	105	-29	82	-6
Polikliniske kons. m/refusjon	248	241	7	195	53	1 137	1 429	-292	1 146	-9
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	108	138	-30	93	15	637	625	12	469	168
Tal utskrivne pasientar UPH	11	8	3	9	2	53	38	15	35	18
Polikliniske kons. m/refusjon	1 578	1 669	-91	1 573	5	8 312	8 850	-538	8 217	95

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)


Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore lågare enn planlagt i perioden, men høgare enn same periode i fjor. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan TSB har aktiviteten vore god innan poliklinikk men døgnpastane har hatt lågt belegg.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore litt lågare enn plan. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar.

Beleggsprosent



ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Prognose	Årsbudsjett
Pasientrelatert inntekt	77 266	77 402	-136	388 347	405 140	-16 793		950 953
Basistilskudd	199 625	199 195	429	957 113	954 986	2 127		2 244 086
Andre inntekter	6 045	5 528	517	27 622	27 821	-199		68 190
Sum Driftsinntekter	282 936	282 126	810	1 373 082	1 387 948	-14 866		3 263 229
Varekostnader og Helsetjenester	-41 016	-40 164	-852	-194 158	-204 265	10 107		-492 708
Lønn- og personalkostnader	-197 439	-193 144	-4 295	-957 035	-934 703	-22 331		-2 181 027
Øvrige kostnader	-38 570	-38 119	-451	-198 118	-195 345	-2 773		-459 994
Av- og Nedskrivning	-8 088	-7 914	-175	-40 006	-39 568	-438		-95 000
Sum Driftskostnad	-285 112	-279 340	-5 772	-1 389 317	-1 373 880	-15 436		-3 228 729
Driftsresultat	-2 176	2 786	-4 962	-16 235	14 067	-30 302		34 500
Sum Finans	-310	-286	-25	-1 545	-1 567	22		-4 500
Totalresultat	-2 487	2 500	-4 987	-17 780	12 500	-30 280		30 000

Perioden

Resultatet i perioden er negativt med 2,5 millionar kroner, noko som er nær 5 millionar svakare enn budsjett. Aktiviteten innan somatikk er lågare enn budsjett, men etterkoding har sytt for at sum inntekter er om lag som budsjettet i perioden. Inntektene er om lag som budsjettet også innan psykisk helsevern i perioden.

Varekostnadene i perioden er høgare enn budsjett. Det er noko høgare kostnader på H-resept enn budsjett, men mindreforbruk på medikament. Kostnader til pasienttransport er omlag som budsjettet.

Løn- og personalkostnadene er i perioden 4,3 millionar kroner høgare enn budsjett. Noko er framleis knytt til covid-19-pandemien, høgt sjukefråvær og innføring av nye IKTsystem men også eit underliggende meirforbruk.

Akkumulert

Resultatet hittil i år er -17,8 millionar kroner, som er 30,3 millionar bak budsjett. Driftsinntektene er 16,8 millionar lågare enn budsjettet, medan driftskostnadene samla er 15,5 millionar kroner høgare enn budsjett. Estimerte kostnader knytt til pandemien er så langt i år 22,9 millionar kroner. Det er inntektsført 18,1 millionar hittil i år av ekstra løyvingar knytt til covid-19.


Det er akkumulert lågare aktivitet enn budsjettet, noko som medfører avvik på inntektssida. På kostnadssida er det mindreforbruk på medikament og pasienttransport. Gjestepasient- og H-reseptkostnader er i balanse i høve budsjett. Det er eit samla meirforbruk knytt til løn- og personalkostnader på 22,3 millionar kroner hittil i år. Ekskludert budsjetteknisk er meirforbruket på lønn i sum 46,6 millionar kroner i klinikkane, av dette er 20,3 millionar kroner direkte knytt til pandemien.

Likviditet

Per utgangen av april 2022 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 106 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 448,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i april på 7,2 prosent. Det er 1,3 prosentpoeng høgare enn same månad i fjor, men 2,6 prosentpoeng lågare enn førre månad. Det er særleg korttidsfråværet som har vore høgt dei siste månadene, men i april månad er dette fråværet gått ned mot eit meir normalt nivå.